

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019**

### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet gir følgjande innspel til Klima- og miljødepartementet knytt til nye oppgåver på friluftslivsfeltet, innan Skjærgardstjenesta, og statleg sikra friluftslivsområder;

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til å ta over nye oppgåver på friluftsområdet, for å bidra til meir heilskapleg arealforvaltning, og sikre og vidareutvikle sentrale friluftslivsområder i Vestland, saman med kommunane og friluftsråda.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at stipulert ressursbruk på 2,7 årsverk på landsbasis ikkje er tilstrekkeleg til å utføre dei nye oppgåvene tilfredsstillande.



Arkivnr: 2018/15999-8

Saksbehandlar: Eirik Knive

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		18.06.2019
Fylkesutvalet		20.06.2019

**Høring - Forslag til endringar i friluftslova og forskrift om fylkeskommunane sine oppgåver på friluftslivsområdet mv.**

**Samandrag**

I høve regionreforma skal ei rekke oppgåver på friluftslivsfeltet knytt til Skjærgardstjenesta og statleg sikra friluftslivsområder overførast frå fylkesmannen og Miljødirektoratet til fylkeskommunen. Klima- og miljødepartementet har som følgje av dette sendt ut på høyring forslag om endringar i friluftslova og forskrift om fylkeskommunen sine oppgåver på friluftslivsområdet.

Fylkesrådmannen er positiv til at fylkeskommunane får eit meir heilskapleg ansvar for det regionale friluftslivet, og dei føreslegne endringane i friluftslova. Samstundes er det ei utfordring i at fylkeskommunen skal sikre og ta vare på statlege interesser og fungere som statleg myndighet som kan gje høve for ei motstridande dobbeltrolle for fylkeskommunen. Den detaljerte forskrifa motarbeider regjeringa sin politikk om redusert statleg detaljstyring og regionreforma sitt mål om å leggje til rette for ei positiv samfunnsutvikling basert på regionale fortrinn, føresetnadnar og prioriteringar. Fylkesrådmannen meiner ein stipulert ressursbruk på 2,7 årsverk på landsbasis er ikkje tilstrekkeleg til å utføre dei nye oppgåvene tilfredsstillande. KS vil også utarbeide ei felles høyringsuttale på vegne av fylkeskommunane.

**Forslag til vedtak:**

Fylkesutvalet gir følgjande innspel til Klima- og miljødepartementet knytt til nye oppgåver på friluftslivsfeltet, innan Skjærgardstjenesta, og statleg sikra friluftslivsområder;

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til å ta over nye oppgåver på friluftsområdet, for å bidra til meir heilskapleg arealforvaltning, og sikre og vidareutvikle sentrale friluftslivsområder i Vestland, saman med kommunane og friluftsråda.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at stipulert ressursbruk på 2,7 årsverk på landsbasis ikkje er tilstrekkeleg til å utføre dei nye oppgåvene tilfredsstillande.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg

- 1 Overføring av oppgaver fra fylkesmennene og Miljødirektoratet knyttet til de statlige sikrede friluftsområdene og skjærgårdstjenesten

## Fylkesrådmannen, 31.05.2019

### Bakgrunn

I samband med regionreforma er det vedteke at fylkesmannen sitt ansvar og rolle innanfor friluftsliv skal overførast til fylkeskommunane, jf. m.a. prop. 84 S (2016 -2017) «Ny inndeling regionalt folkevalgt nivå», Meld. St. 6 (2018-2019) «Oppgåver til nye regionar» og Stortinget si handsaming av desse. Oppgåveoverføringa er også omtala i regjeringa sin handlingsplan for friluftsliv fra 2018. Grunngjevinga for dette er at dei nye fylkeskommunane skal få eit meir heilskapleg ansvar for friluftslivet, og betre kunne ivareta allmennheita sine friluftsinteresser som friluftslivsorgan etter friluftslova §§ 21-22.

Overføringa av oppgåver på friluftslivsfeltet knytt til Skjærgårdstjenesta og statleg sikra friluftslivsområder frå fylkesmannen og Miljødirektoratet til fylkeskommunen, fører til eit behov for endringar i friluftslova. Klima- og miljødepartementet har den 14.03.2019 sendt ut på høyring forslag om endringar i friluftslova og forslag til ny forskrift om fylkeskommunen sine oppgåver på friluftslivsområdet, og forslag til endringar i forskrift av 21. november 2014 nr. 1538 om tilskot til tiltak i statleg sikra friluftslivsområder.

### Fylkeskommunane utfører følgande oppgåver på friluftslivsområdet i dag:

- Fordele statlege tilskotsmidlar til friluftslivsaktivitet, og følgje opp og kontrollere rapporteringar for bruk av midlane.
- Fordele statlege tilskotsmidlar til opparbeiding og tilrettelegging av statleg sikra friluftslivsområder, og følgje opp og kontrollere rapporteringar for bruk av midlane.
- Ta vare på friluftslivsinteresser i alle plansaker etter plan- og bygningslova. Initiere og utarbeide regionale planer om tema som omhandlar friluftsliv, eller i vesentleg grad omfattar friluftsliv.
- Rettleie og bygge opp kompetanse i kommunane innanfor friluftsliv, inkludert korleis friluftslivsinteresser kan takast vare på i plansaker etter plan- og bygningslova.
- Vurdere og uttale seg til Miljødirektoratet om søknader om statleg sikring av nye friluftslivsområder.
- Følgje opp kommunane og friluftsråda sitt drifts- og tilsynsansvar i dei statleg sikra friluftslivsområda.
- Rettleie ved utarbeiding av forvaltningsplanar for statleg sikra friluftsområder.
- Gjennom eigne tiltak og deltaking i statlege prosjekt stimulere til friluftslivsaktivitet og til ivaretaking og utvikling av areal og anlegg for friluftsliv. Med eigne tiltak meinast tiltak og satsingar som initierast og setjast i gang av fylkeskommunane sjølv, og som ikkje har statleg styring.
- Informere om allemannsretten, inkludert rettar og plikter som følgjer av denne.

I tillegg er fleire fylkeskommunar part i Skjærgårdstjenesten regionalt der dei bidreg med eigne midlar, deltek i styra og har sekretariatsfunksjon. Dette gjeld Hordaland fylkeskommune sitt engasjement i Vestkystparken, Skjærgårdstjenesta i Rogaland og Hordaland.

### Oppgåver som skal overførast frå Fylkesmannen og Miljødirektoratet til fylkeskommunen frå 2020:

#### Oppgåver knytt til forvaltninga av statleg sikra friluftslivsområder:

- Avgjere saker om mellombels omdisponeringa av dei sikra områda.
- Avgjere saker om mindre grenseendringar (etter nærmare retningsliner).
- Fortøpende rettleiing av kommunar og friluftsråd i enkeltsaker, og opplæring i form av kurs og seminar.
- Kvalitetssjekking og ajourføring av friluftslivsmodulen av Naturbase.
- Handtering av større delar av bygningsforvaltninga på områda.
- Handtering av festeforhold, sameige og rettar på dei sikra områda.
- Handheving av eigedomsretten og grunneigarrettar (til fots-, beite-, jakt-, fiskerett osv.). Dette kan vere ulovleg bruk, nabokrenkingar, grensetvistar med meir.
- Grensegang eller kartforretning for eigedommar med usikre grenser.
- Skaffe til vefs oversikt over tilstanden i områda, inkludert behov for tilrettelegging og opparbeiding.
- Ta vare på dei statleg sikra friluftslivsområda i jordskiftesaker.
- Ta vare på dei statleg sikra friluftsområda i plansaker og i nabosaker.
- Godkjenne forvaltningsplanar for dei sikra områda.
- Gje uttale i saker som skal avgjera av Miljødirektoratet. Fylkesmannen skal framleis ha innsigelsesmynde knytt til friluftslivsinteresser.

#### Oppgåver knytt til Skjærgardstjenesta:

- Overføre statlege midlar til driftsområda i Skjærgardstjenesta, og følgje opp bruk og rapportering av desse midlane.
- Bidra i ulike opplærings- og kompetansehevande tiltak. Som følgje av overføringa av oppgåver fra Fylkesmannen til fylkeskommunen er det også nødvendig å gjere tilpassingar i forskrift 25. november 2014 om tilskot til tiltak i statleg sikra friluftslivsområder § 3 fjerde ledd. Det vil ikkje lenger vere Fylkesmannen, men fylkeskommunen som skal godkjenne forvaltningsplanen. Departementet foreslår at setninga om kven som godkjenner forvaltningsplanen går ut, då dette uansett vil komme fram av den nye forskrifa om fylkeskommunane sine oppgåver.

#### Fylkesrådmannens vurderinger

Fylkesrådmannen er positiv til at fylkeskommunane får eit meir heilskapleg ansvar for det regionale friluftslivet. Dette kan føre til meir einskapleg og effektiv saksbehandling, og gje høve til ein meir heilskapleg utviklarolle for fylkeskommunane i samarbeid med andre aktørar. Forslaget til endringar i friluftslova er primært ein konsekvens av overføringa av oppgåver og regjeringa sin politikk om redusert statleg detaljstyring og byråkrati. Det er behov for at fylkeskommunen har oversikt over og kjennskap til kommunane sine vedtak om ferdsselsrestriksjonar i friluftslivsområder.

Det kan vere ei utfordring i at fylkeskommunen skal sikre og ta vare på statlege interesser og fungere som statleg mynde. Det er særleg oppgåvene knytt til forvaltning av statleg sikra friluftslivsområder som blir ein myndighetsutøving og representasjon av staten. At fylkeskommunen skal sikre og ta vare på statlege interesser og fungere som statleg mynde, kan bety at der det kan oppstå motstrid mellom dei regionale interessene innan samferdsel, kulturminneforvaltning og skule- og idrettsanlegg på den eine sida, og grunneigarinteresser som skal ivaretakast på vegne av staten på den andre sida.

Oppgåver knytt til Skjærgardstjenesta som er foreslått overført til fylkeskommunen går primært ut på å overføre statlege midlar til driftsområda i Skjærgardstjenesta og følgje opp bruk og rapportering av desse midlane. I Hordaland er fylkeskommunen ein del av samarbeidet i driftsområdet Vestkystparken som dekker Rogaland og Hordaland. For Vestkystparken er det foreslått at oppgåvene leggast til nye Vestland fylkeskommune.

Klima- og miljødepartementet har etter innspel frå Miljødirektoratet og fylkesmennene stipulert at det samla vert brukt omlag 2,7 årsverk på oppgåvene som skal overførast, i gjennomsnitt 0,25 årsverk per fylkeskommune. Stipulerenga av arbeidsomfang verkar for lågt estimert. I Hordaland er det over 230 statleg sikra friluftsområder, og høg interesse for å sikre fleire. Vestland fylkeskommune vil få grunneigaransvar for desse områda og skal m.a. handtere bygningsforvaltning, festeforhold, sameige og andre rettar, og handheve eigedomsretten og grunneigarrettar. Sjølv om det kanskje ikkje er mange saker til kvar enkelt oppgåve, kan det bli ressurskrevjande å følgje opp dei ulike oppgåvene på ein hensiktsmessig måte. Samstundes vil oppgåvene med å kvalitetssikre og oppdatere Naturbase og godkjenning av forvaltningsplanar for områda periodevis krevje fleire ressursar enn det som er føreslått overført.

Utkastet til forskrift viser detaljert kva oppgåver fylkeskommunane skal utføre for å ta vare på ansvaret som blir føreslelse overført til fylkeskommunane. Dette kan vere lite føremålstenleg i oppgåveløysinga, men at ein sjølv finn måten å løyse dei på. Det er ønskjeleg at fylkeskommunen og får overført ansvaret for tilskotsordninga "Sikring av friluftslivsområder (kap. 1420 post 30)".

Etter dialog mellom fleire fylkeskommunar har KS teke på seg oppgåva med å utarbeide ei felles høyringsuttale.